



Til

**Radøy Kommune**  
Radøyvegen 1690  
N-5936 MANGER

**Att.: Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy**

Dykkar ref.:

Vår ref.:

10. november 2017

## Kommunalt tilskot for 2017 til Norsk Landbruksrådgiving Vest SA – førespurnad om utbetaling.

Vi viser til søknad frå oss, datert 15.12.2016, om kommunalt tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Vest SA for året 2017. Vi kan ikkje sjå å ha motteke svar på søknaden vår.

Kommunen har tidlegare gjeve tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, som no er blitt ein del av Norsk Landbruksrådgiving Vest. Aktiviteten vår i Hordaland er den same som tidlegare.

Dersom kommunen gjer eit positivt vedtak om å støtte Norsk Landbruksrådgiving Vest, bed vi om at ein eventuell stønad vert overført til vår konto **3705.31.31922**.

Norsk Landbruksrådgiving Vest er ei uavhengig, landbruksfagleg rådgivingsteneste. Vi ynskjer å vere ein god landbruksfagleg støttespelar både for kommunane og for næringsdrivande i landbruket. Vi har som mål å gje gode råd på alle landbruksfaglege område.

Dei siste åra har vi hatt spesielt fokus på betre grovfôr dyrking og optimal bruk av husdyrgjødsel. Vi har også informert om tilskotsordninga for drenering av landbruksjord, og vi hjelper bøndene med å lage grøfteplanar og tilskotsøknader.

Vi er svært takksame for tidlegare støtte som Norsk Landbruksrådgiving har fått, og vonar at kommunen finn rom for å støtte også i år. Kommunale tilskot bidrar til at vi kan utvikle oss i takt med stadig skiftande krav og gje eit godt heilskapleg rådgivingstilbod til landbruket.

Vi sender jamleg ut rådgivingsmeldingar på e-post. Sei i frå viss de ikkje får dei tilsendt.

Web-sida vår har adresse: <http://vest.nlr.no/>

Med venleg helsing for

**Norsk Landbruksrådgiving Vest SA**

Liv Lyngstad, *dagleg leiar*

(sign)